



Humlepungane underheld under fjorårets meisterskap(Foto: Ola Matti Mathisen.)

Laurdag 8. desember vert det skipa til Kvinnhersmeisterskap i ølbrygging i Dønhaugkjedlaren. Humlepungen bryggjarlag står for program og matserving. Tilskipinga er saman med avisa Kvinnheringen.

Det er ikkje kjend kor mange bryggjarlag som vert med i tevlinga i år, men interessa er aukande noko som fører til ei sterk påmelding.

Bryggjarane frå Uskedalen var samla til bryggjing laurdag 8. november og la grunnlaget for eit godt og velsmakande juleøl. Om det det held til ei topplassering, er uvisst. I fjor hadde Avkroken bryggjarlag frå Røyrvikjo det beste juleølet. Humlepungen kom på 3. plass.

Dommarane er Robert Smith Hald og John Gunnar Lundqvist. Alle kjenner artisten Robert Smidt frå media og fleire konsertar på Dønhaug. Han er dessutan ei dyktig ølbryggjar og har vunne meisterskap før. John Gunnar Lundqvist frå Halsnøy lagar sitt eige øl og har god kunnskap om bryggjeprosessen.

Bryggjarlaga har påmelding til Kvinnheringen.

Andre gjester og interesserte melder seg på til Humlepungen bryggjarlag.

Tekst: Kristian Olav Bringedal



Avkroken Bryggjarlag var suverene i fjor. Her har Ragnvald Våge motteke vinnardiplomet(Foto: Kjell M. Haugland)